



BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO



ÅRSMELDING



2022



INNHOLD

INNHOLD	SIDE
1. Innleiing	3
2. Medlemmar	4
2.1 Medlemstal	4
2.2 Medlemsfordeling	4
3 Kultur- og idrettsaktivitetane	5
3.1 Særлага	5
3.2 Tilskipingar i laget	8
3.4. Aktivitetskalender 2022	10
4. Informasjonsarbeid	11
5. Eigedomar og drift	11
6. Økonomi og forretningsdrift	13
7. Tilsette på lagskontoret	14
8. Valde ombod i og for BUL	15

Bilete på framsida frå toppen: Sentrumsløpet. Foto: Eirik Førde, Songlaget: song for cruiseturistar, Gamle Logen. Foto: Carsten Andersen, Markering av heidersmedlemmar. Foto: Astrid Marie Grov, Leikarringen si første øving hausten 2022. Foto: Leikarringen i BUL, Teaterlaget: Tante Pose. Foto: Christina Næss.

Til venstre: Sentrumsløpet for barn. Foto: Samuel Hafsahl.

Neste side: 17. mai på Slottsplassen. Foto: Thor Haukenes.

1. INNLEIING

Etter to år med lite aktivitet i laget, var 2022 det året vi endelig kunne leve meir som normalt og møtast for å synge, danse, trenere og spele teater saman. Sjølv om dei første månadane var prega av smittevernsrestriksjonar, blei desse gradvis fasa ut på våren.

BUL kunne i 2022 arrangere Sentrumsløpet og feire 17. mai på tradisjonelt vis. Songlaget heldt sine faste korkonsertar og Teaterlaget sette opp sommar- og juleframstillingar. BUL kunne også arrangere julegraut og endelig ha markering for heidersmedlemmane utnemnde i 2020.

2022 var året for frivilligheit, *Frivilligåret*, og BUL markerte dette med eit storstilt arrangement i februar. I oktober fekk vi opp Oslo Byes Vel Blått skilt for Hulda Garborg.

Alle særлага har hatt auke i medlemstala. Leikarringen har fleire medlemmar enn på mange år, og i 2022 har dei også hatt svært mange som har deltatt på øvingar, både faste medlemmar og drop-in.

Teatersalen har vore veldig mykje brukt i 2022, både av interne og eksterne. Dette har gitt oss gode leigeinntekter, men har dels også vore ei utfordring å organisere, både for Lagskontoret og for dei faste aktivitetsgruppene.

Økonomisk sett, var 2022 nok eit utfordrande år for BUL. Dette var spesielt knytt til høge straumprisar, som var merkbart både i Nynorskens hus og på hyttene. Straumkompensasjon har vore til hjelp, medan straumstøtte til forretningane har kome med føresetnad om utbytteforbod. Vi har difor halde fram med moderat pengebruk.

Hovudlaget har mesteparten av året hatt tre tilsette, fordelt på to årsverk, medan vi i tre månadar hadde fire tilsette. Idrottslaget har hatt to årsverk på Lagskontoret.






2. MEDLEMMAR

2.1 Medlemstal*

MEDLEMSTAL	2022	2021	2020	2019	2018
BUL Samla	697	661	712	686	663
Idrottslaget	458	449	487	454	432
Leikarringen	152	127	140	145	130
Av desse i BULder og TrøBUL	22	18	19	17	14
Songlaget	32	27	28	32	34
Teaterlaget	23	21	24	22	24
Ikkje med i eit særlag	49	45	63	51	63

*Betalande medlemmar, samt livsvarige og heidersmedlemmar.

2.2 Medlemsfordeling



3. KULTUR- OG IDRETSSAKTIVITETANE

3.1 Særlaga

Leikarringen

Då året begynte med full nedstenging, var det vanskeleg å drive aktivitet i Leikarringen, men dei fekk til ein felles tur til Sognsvann 18. januar. Første fysiske danseøving gjennomførte dei 8. februar. Det var ein noko tung oppstart med varierande oppmøte. Dei gjennomførte 9 danseøvingar våren 2022, i tillegg til øvingar til 17. mai og Landskappleiken. I vanlege år ville dei hatt 15 eller 16 ordinære øvingar. På 17. mai var det 84 påmelde til dansinga på Karl Johan, men når dei kom til Slottsplassen var det nok nærmare 100 stk.

Leikarringen drog på tur til både Rjukan (Landskappleiken) og Tórshavn (Havleikur) i løpet av sommaren, og på Landskappleiken deltok dei med tre lag i lagdansen, i tillegg til at fleire medlemmar deltok i ulike klassar.

Hausten 2022 synte ein stor oppsving for aktiviteten i Leikarringen. I løpet av haustens 14 øvingar var heile 181 personar til stades. Om lag 30 dansarar har møtt meir eller mindre fast, og i snitt var det 40 stk på kvar øving. Største registrerte oppmøte var i november, med 53 deltagarar. I ungdomsgruppene BULder og TrøBUL har det vore eit generasjonsskifte dei siste par åra, og deltakartalet har gått noko ned, sjølv om aktiviteten har halde seg jann. Songdansgruppa og Søndansen har hatt meir eller mindre normal aktivitet etter gjenopninga i februar. På seinhausten blei ei ny gruppe oppretta i Leikarringen. Myrtrill øver på onsdagar og er ei hallinggruppe for nybegynnalar.

I høve Frivilligåret var Leikarringen teknisk arrangør for Vår dag, ein festkveld for frivilligheita 22. februar. Dei var også teknisk arrangør for landsmøtefesten til Noregs Ungdomslag 23. april i BLS. Leikarringen skipa til tre folkedanskveldar i BLS i 2022, i tillegg til sommaravslutning, juleavslutning, hytte-dans på Bondehytta 10. september og Lønningspols 18. oktober.



Landskappleik 2022. Foto: Sindre Seppola Reed.

Idrottslaget

Endeleg var ASICS Sentrumsløpet tilbake som eit vårarrangement. 23. april var det 6818 påmelde, med om lag 5400 deltagarar som fullførte løpet.

25. mai arrangerte IL i BUL, i samarbeid med SK Vidar, eit treningsstemne for barn på Bislett stadion med 118 påmelde. Idrottslaget bidrog med frivillige og arbeidskraft på Bislett Games 16. juni og KK-mila 3. september. 25. august blei DHL-stafetten arrangert, der Idrottslaget var medarrangør. Klubben bestemte at dei ikkje skulle halde fram som medarrangør på dette arrangementet. I løpet av sommaren hadde klubben friidrettskule i vekene 26, 27 og 32, med

totalt 152 deltagarar. Julestemnet blei tradisjonen tru arrangert i slutten av november (26. november) i Bærum idrettspark, med i alt 445 påmelde deltagarar.

I løpet av året har fleire frå BUL delteke i ei rekke meisterskap: NM innandørs i Ulsteinvik i februar, UM innandørs i Steinkjer i starten av mars, NM stafettar i Ås i starten av juni, NM i Stjørdal i slutten av juni, UM ute i Trondheim i midten av august, Junior-NM i Bærum i starten av september.

Ved utgangen av 2022 hadde IL i BUL 458 medlemmar – ein liten auke frå i fjar.



NM stafett på Ås 4.-5. juni. Foto: Thomas Patey.

Teaterlaget

Etter to år med fleire avlysingar og manuslesing på Zoom, kom Teaterlaget endeleg i gong med ordinær lagsaktivitet våren 2022. Trass i at nyåret framleis var prega av restriksjonar, tok det ikkje mange veker før laget kunne samlast som før.

Produksjonen våren 2022 var *Lady Windermeres vifte* av Oscar Wilde, forfattarens første, store suksess. Ein tradisjonell komedie blei ikledd sterke fargar, dans og Britney Spears (!) til publikum si store glede.

Hausten 2022 blei brukt til å sette opp den norske juleklassikaren *Tante Pose* av Gabriel Scott. Ein over hundre år gammal klassikar



Lady Windermeres vifte. Foto: Terje Svindseth.

fekk ny drakt i Teatersalen og sørge for både latter og julestemning.

På grunn av usikkerheit rundt restriksjonar og ressursar i laget, har det vore få nye medlemmar i Teaterlaget dei siste åra, men det har endra seg no. Det er mange som vil vere med i Teaterlaget og laget har ei lang venteliste. Difor er det kjekt at dei no kan la fleire sleppe inn.

Songlaget

Som resten av samfunnet, måtte Songlaget hanskast med covid-restriksjonar i starten av 2022. Dei gjorde nokre tilpassingar på øvingane fram til påske, men det påverka ikkje aktiviteten i stor grad. Det påverka heller ikkje miljøet i koret, som har vore godt i heile 2022.

Songlaget har også fått fleire nye koristar, og koret har hatt god musikalsk utvikling gjennom heile året. Dette var også året der dei endeleg kunne feire skikkeleg 17. mai igjen, og Songlaget fekk starta Brusteinsballet på Universitetsplassen på tradisjonelt vis. Det var stas!

16. juni hadde dei eit spennande oppdrag med å synge nasjonalsongen under Bislett Games. Dette blei filma av NRK, og synt fram i beste sendetid.

Songlaget hadde to konsertar i 2022: 2. juni hadde dei Sommarkonsert i Nynorskens hus; Årets Julekonsert fann stad i Sagene kirke 10. desember. Begge konsertane var godt besøkte.



Songlaget syng på Bislett Games 16.06.22. Foto: Rune Hammerstad.

Mål arbeid

Målnemnda skipa til kurs i nynorsk for BUL-medlemmar og andre 11. og 18. mai. (25. mai blei avlyst). Kurshaldaren var Kine Gjertrud Svori.

Målnemnda var medarrangør på Norsk målstemna 2022 på Litteraturhuset i Oslo 10. september, som tok føre seg Olav Sletto og Henrik Rytter, i tillegg til syn på retting av språkfeil.

Dei var også medarrangør på Nynorsk inspirasjonsdag 18. oktober. Høgdepunktet denne runden var programleiar Linda Eide. Målnemnda er fast støttespelar for dette halvdagsseminaret, som til liks med tidlegare år blei halde i Bikuben i Det Norske Teatret.

BUL er medlem av Nynorsk Forum. Laget har ikkje hatt kapasitet til å delta på møte i 2022, men har gitt støtte til høyringsinnspele.

Arnhild Skre avdukar Blått skilt 24. oktober.
T.h generalsekretær i Oslo Byes Vel, Ole
Rikard Høisæther. Foto: Astrid M. Grov.

Vår største språklege prioritet, er å sørge for at ekstern informasjon på nettsider, sosiale medium og utsendingar, er på nynorsk. Dette står særlagt i stor grad for sjølv, medan lagskontoret støttar spesielt Idrottslaget med kommunikasjon i samband med Sentrumsløpet, som har svært mykje trafikk i sine kanalar.

Å få eit blått skilt til Hulda Garborg var ei viktig heidring av nynorsk språk. Som ein av grunnleggjarane av Det Norske Teatret, har ho hatt stor betydning for nynorsk- og dialektbruk i Oslo. Tildelinga av skiltet skjedde på kvinnedagen 8. mars, etter framlegg frå BUL og Venelaget til Det Norske Teatret. 12 kvinner totalt blei heidra med skilt av Oslo Byes Vel, for å rette merksemada mot kvinner sine bragder. Dei kulturelle lagsaktivitetane og forretningsverksemada BUL i Oslo driv i dag, er i stor grad tufta på aktivitet og verdiar som Hulda var ein pådriver for.



3.2 Tilskipingar i laget

I 2022 fekk BUL endeleg igjen gjennomført sine faste tilskipingar, som t.d. Sentrumsløpet, 17. mai og julegrauten. I tillegg har vi gjennomført både faste og nye tilskipingar.

I januar skulle DMS og BUL arrangere *Møt Nynorskens hus*, eit tilbod til alle 6. klassingar i Oslo, under Den kulturelle skolesekken. Dette blei dessverre avlyst på grunn av pandemien, men skal etter planen bli gjennomført i 2023, 2024 og 2025.

Første runde av *Kven Veit?* blei gjennomført 8. februar, med to lag frå Leikarringen, eitt lag frå Songlaget og eitt frå Teaterlaget. Andre runde fann stad 1. mars, medan tredje runde gjekk av stabelen 5. april. Songlaget kom på fjerde plass nasjonalt, Teaterlaget låg rett bak, og kom på femte.

Markering av Frivilligåret 2022 og Vår dag blei gjennomført 22.2.22 i Teatersalen. Vår dag var ei nasjonal markering av Frivilligåret, der alle organisasjonar valde sin dag, og sin måte å feire på. Noregs Ungdomslag valde 22. februar, fordi det også er Hulda Garborg sin 160-årsdag.

Det blei ei fin markering med god stemning: dans og song frå Leikarringen og Songlaget. Ørjan Johansen frå Garborg-senteret hadde eit kort føredrag om teaterslaget i 1913.

5. mai fekk vi endeleg heidra dei seks heidersmedlemmane våre som blei utpeikte i 2020. Dei blei feira med middag på Kaffistova.



Heidersmedlemmane på markeringa (f.v.) Olaf Almenningen, Arne Nordvi, Unni Helland, Nils Norman Iversen, Vigdis Rønning og Edvard Lauen.
Foto: Astrid M. Grov.

17. mai blei feira med Brusteinballet på Universitetsplassen kl. 18.14, der Songlaget og Leikarringen deltok. Leikarringen dansa som vanleg også opp Karl Johan om morgonen kl. 9.15. Etter nokre år utan skikkeleg feiring, fekk vi endeleg ein skikkeleg folkefest igjen.



Foto: Thor Haukenes



Rosenkrantz' gate er måla. Foto: Astrid M. Grov

25. juni vakna Noreg opp til ein trist nyheit. Den natta blei gjestar på Per på hjørnet og London Pub i Rosenkrantz' gate skotne på under Pridefeiring. To menneske mista livet. Den 27. juni møtte medlemmar i BUL opp på regnbogemarkering på Rådhusplassen for å vise at hatet ikkje har plass i gata vår.



Arnhild Skre skjer i Hulda-kake. Foto: Kari Velure

24. oktober avduka vi blått skilt for Hulda Garborg. Markeringa starta på Kaffistova med kulturelle innslag, før avdukinga ute. Arrangementet blei avrunda med kaffi og kake.



Julegraut 14.12. Foto: Kari Velure

26. oktober arrangerte BUL *Ein kunstnar kjem heim* – føredrag om Aksel Waldemar Johannessen, det første av ein serie på fire føredrag. 25. oktober var det 100 år sidan kunstnaren døydde, og du kan sjå fleire av bilda hans på veggane i Nynorskens Hus.

Julegrauten 14. desember var populær, med 135 påmelde. Som før hadde vi graut, quiz, julenis og godteri. Heile laget var invitert, medan flesteparten av deltakarane var frå Idrettslaget. Dei har lengst tradisjon med julegraut og den blir lagt på eit tidspunkt fleire friidrettsgrupper elles ville hatt trening.

3.4 Aktivitetskalender 2022

Under er ei oversikt over tilskipingar i regi av BUL med særlag, arrangement der særlega har vore medarrangør, og andre arrangement BUL har deltatt på i våre lokale.

Tilskipingar i **utheva skrift** er i regi av BUL, i kursiv er arrangement der BUL har vore medarrangør. Avlyste tilskipingar er markerte i **raudt**.

Januar

- 10.-28.** *Møt Nynorskens hus (avlyst)*

Februar

- 8.** *Første runde av Kven Veit?*
22. **Vår dag, markering av Frivilligåret 2022**

Mars

- 1.** *Andre runde av Kven Veit?*
16. **Årsmøte BUL**
23. *Brent ord. Bokbål mot språk i Noreg 1912-2005. Arrangør: Samlagsrota*

April

- 5.** *Tredje runde av Kven Veit?*
23. **ASICS Sentrumsløpet (Idrettslaget)**

Mai

- 5.** **Heidersmedlemsmarkering**
17. **Dans opp Karl Johan (BULder og Brak / Oslo kommune)**
17. **Brusteinsball (Leikarringen og Songlaget)**
25. *Barnestemne (Idrettslaget og SK Vidar)*

Juni

- 2.** **Sommarkonsert (Songlaget)**
4.-10. **Lady Windermeres vifte (Teaterlaget)**
16. *Bislett games (Bislettalliansen/Idrettslaget)*



Sentrumsløpet 23.4. Foto: Eirik Førde

August

- 25.** *DHL-stafetten (Idrettslaget)*

September

- 10.** **Hyttedans, Bondehytta (Leikarringen/Bondehytta)**
10. *Norsk målstemna (Målnemnda i BUL, Høgnorskringen, Norskt Måldyrkingslag)*

Okttober

- 18.** *Nynorsk inspirasjonsdag (Målnemnda/Fylkesmållaget Vikværingen)*
24. **Blått skilt: Avduking**
26. **Ein kunstnar kjem heim- føredrag om Aksel Waldemar Johannessen, lagskontoret**

November

- 25.** **Julestemne (Idrettslaget)**

Desember

- 3.-9.** **Tante Pose (Teaterlaget)**
10. **Julekonsert (Songlaget)**
14. **Julegraut i Teatersalen**

Frivillighetens år

2022

4. INFORMASJONSARBEID

Ettersom BUL i 2022 berre hadde tre månadar med to reine administrative stillingar på kontoret, var det avgrensa kor mykje tid dei hadde til å halde informasjonskanalane våre oppdaterte og vidareutvikle informasjonsarbeidet vårt. Heimesida (www.bul.no) har blitt oppdatert med den viktigaste informasjonen, medan www.nynorskenshus.no har vore lagt på is sidan pandemien starta.


På Facebook har vi regelmessige publisert innlegg, noko hyppigare då det var to tilsette på kontoret, medan Instagram ikkje har blitt brukt i 2022.

Intern informasjon har for det meste gått føre seg på e-post til særlagsleiarar. Dette har hovudsakleg vore viktig informasjon knytt til økonomi, medlemsregister o.l. Gruppa Facebook-særlaget har også blitt brukt internt.

BUL si Facebook-side hadde 688 følgjarar ved utgangen av 2022, 49 nye det siste året. Nynorskens hus har 1144 følgjarar. På Instagram har Nynorskens hus 294 følgjarar.

Særлага har halde kanalane sine godt oppdaterte, og fleire av særлага bruker både Facebook og Instagram aktivt.

I samband med Sentrumsløpet driv Idrottslaget aktivt informasjonsarbeid gjennom heile året, og frå hausten 2022 har det vore ein prioritet å auke kommunikasjonen på sosiale medium - med mål om å få påmeldingstalet opp igjen etter pandemien. Dei har i overkant av 20.000 mottakarar av nyhetsbrevet, som går ut om lag 15 gonger i året.



Leikarringen i BUL på Instagram.

5. EIGEDOMAR OG DRIFT

Lagslokala

Lokala nede har vore svært mykje i bruk etter at vi gjekk tilbake til normal drift etter pandemien. Lagsaktiviteten har tatt seg opp til eit normalt nivå og det er stor interesse for å bruke salen. Auka etterspurnad etter å bruke salen, har vist at vi treng tydelegare retningslinjer for kva tid særлага og DMS må melde inn sine ynskja tidspunkt for å få gjennomført sine faste og planlagde aktivitetar. Vi hadde difor eit planleggingsmøte 16. november for å gå gjennom kalenderen for neste semester. Det blir truleg minst like fullt og vi må vere særmerksame på at ikkje salen blir dobbeltbooka eller at nokon kjem til eit lokale som ikkje er i den standen dei ønsker å finne det.

Når det gjeld oppgradering og vedlikehald, har vi også fått gjennomført ganske mykje i 2022. Vi fekk nytt lys i foajéen og Lagsrommet har fått nytt el-piano. Vi blei ferdige med lageroppussinga der alle særlama har fått eit felles lager til å oppbevare dokument og andre ting dei har bruk for på øvingar. Det er også laga nye rekvisitt-og kostymelager til Teaterlaget. Vi har kjøpt inn ein del nytt teknisk utsyr til salen, med støtte frå Kulturrom.



Dugnad, august. Foto: Kari Velure.

Røkleivhytta

Hytta var leigd ut 36 døgn og hadde om lag 440 besøkande. Leigeinntektene for 2022 ligg på om lag 60.000.

Røkleivhytta hadde i haust ei stor oppgradering med installering av innetoalett, montering av nytt EL-anlegg i kjellar og ettersyn av fjernkontroll for EL-anlegget.

Det har vore mange turar til Røkleivhytta for hyttestyret, både grunna restaurering og fordi utstyr i hyttene ikkje har fungert som det skal.

Styret i Røkleivhytta

Leiar: Tormod Bønes. Styremedlemmar: Olaf Almenningen, Leif Halvard Silli, Gry Rusdal og Sveinung Helgheim.

Bondehytta

På Bondehytta har det vore dugnad og hyttedans. Hytta har vore svært lite leigd ut og har leigeinntekter på om lag 3.000. Lagskontoret står framleis for booking og fakturering, medan hyttestyret står for tilsyn.

Styret i Bondehytta

Leiar: Øystein Gammersvik. Styremedlemmar: Klas Ekeland, Rune Bergwitz og Anne Cathrine Johansen.



Nye toalett på Røkleivhytta, med og utan figurant. Foto: Tormod Bønes.

Utleige Teatersalen og Lagsrommet

Gjennom heile 2022 har Fagskolen Kristiania avd. Bårdar Akademiet vore ein trufast leidgetakar på dagtid i Teatersalen, noko som har gitt viktig og stabil inntekt i eit tidsrom salen elles ikkje er mykje leigd ut.

Det er ein del faste som har halde arrangementa sine her dei siste åra, til dømes har Norges Wrestlingforbund hatt fleire arrangement i Teatersalen og ser ut til å trivast der. Slagr har halde fleire konsertar hos oss som vanleg og Engegårdkvartetten har brukta lokalet til sin festival, 123-festivalen, som i 2022 tok føre seg Schubert.

Klassekampens venner har halde si årleg julemesse hos oss i fleire år og bookar komande år så snart dei er ute av salen.



DMS-festival november 2022. Foto: Annelen Røe.

Den mangfaldige scenen AS har øvingar og administrasjon hos BUL og betaler husleige for dette.

For første gong i 2022 har DMS arrangert festival, som gjekk føre seg i november. Dette er tenkt å bli eit årleg arrangement.

BUL har auka utleigeprisane med om lag 10 % det siste åra grunna auka straumutgifter. Dette har vore naudsyt medan vi er opptatt av å halde ein balanse der vi heller ikkje blir for kommersielle i vår utleigepraksis.

6. ØKONOMI OG FORRETNINGSDRIFT

Hovudlaget hadde i 2022 inntekter på om lag 2,3 mill. før renteinntekter, og kostnadene på om lag 6,8 mill. Vi har fått likviditetsoverføringer på 4 millionar frå Bøndenes hus der om lag 1,3 mill. var renteinntekter, men fordi Bøndenes hus fekk straumstøtte for 4. kvartalet, kan det ikkje utbetalast utbytte for 2022. Lånet frå BUL til BHAS blir difor nedbetalt med omlag 2,7 mill. kr.

Vi har ikkje hatt permitterte i 2022, men heller ikkje hatt fast tilsett i stillinga som organisasjonsrådgivar, som vi hadde fram til sommaren 2020. Med utgangspunkt i auka kostnadene har lagsstyret i 2022 halde fram med stram økonomistyring, og har også vurdert det langsiktige behovet for tilsette.

Året for forretningane har vore prega av høge straumprisar, men også auke i inntekter, samanlikna med 2021. Dei merkar ikkje lenger mykje til Covid-19, bortsett frå at det er få gjestar frå USA og Asia på hotellet. Hotellet hadde ein bra besøkt sommar og haust, med over 95 % belegg. Dei har også pussa opp 4. etasje og Kaffistova fekk nytt golv i påska. Kaffistova låg ei stund litt bak budsjett, men fekk ein oppsving i julebordsesongen.

Det nye konseptet med à la carte-meny og bordservering på kveldstid har fungert bra. Totalt sett er det ny rekord på omsetting for Bondeheimen og Kaffistova.

Heimen har pussa opp lokala i Glasmagasinet, og Arbeidergata står for tur i 2023. Butikkane har merka at folk flest har lågare kjøpekraft enn før, men dette har vore merkbart i heile Oslo sentrum, spesielt på hausten. I tillegg hadde systova forseinkingar på enkelte stofftypar som følgje av krigen i Ukraina. Likevel har dei lege litt framfor budsjett og om lag likt med 2019. BHAS er no 100 % eigar av Den norske husfliden.



Kaffistova. Innlegg på Facebook 1.11.22

7. TILSETTE PÅ LAGSKONTORET

Astrid Marie Grov

Dagleg leiar (vikar) fram til 31.07. og organisasjonsrådgivar frå 01.08. til 31.10. 100 % stilling.

Kari Velure

Dagleg leiar. 100 % stilling. 100 % permisjon fram til 01.08.

Liv Hege Skagestad

Plan- og utviklingsansvarleg fram til 31.12.2023. 100 % stilling (50 % permisjon heile året for å jobbe i Den Mangfaldige Scenen).

Jørjan Normann

Ansvarleg for utleige/sal/teknikk. 50 % stilling. 20 % av tida går til Den Mangfaldige Scenen.

Eirik Tanberg

Dagleg leiar i Idrettslaget. 100 % stilling.

Simen Wifstad

Administrasjon- og arrangementsansvarleg i Idrettslaget. 100 % stilling.



Jørjan Normann



Astrid Marie Grov



Simen Wifstad



Kari Velure



Eirik Tanberg



Liv Hege Skagestad

Største del av året har lagskontoret vore utan organisasjonskonsulent/-rådgivar. Dagleg leiar har difor stort sett vore åleine om dei fleste administrasjonsoppgåvene knytt til økonomi, utleige og medlemshandtering.

I perioden august–november var Astrid M. Grov organisasjonsrådgivar og kontoret tok då fatt på nokre fleire prosjekt, m.a. å arrangere Blått skilt-markering, innhente leiarbilete frå heile BUL si levetid og revidere lov og styringsføresegn. Liv Hege Skagestad slutta i BUL 31.12.2023 for å gå over i stillinga som dagleg leiar i Den mangfaldige scenen AS. Det har ikkje vore ulukker eller skadetilfelle i 2022. Sjukefråværet er lågt. Laget som arbeidsgivar er bunde av «Landsoverenskomsten for virksomheter» mellom Virke og arbeidstakarorganisasjonane.

8. VALDE OMBOD I OG FOR BUL

Lagsstyret 2022/2023

Leiar	Terje Svindseth
Nestleiar	Anne Cathrine Johansen
Styremedlem	Gunnvald Grønvik
Styremedlem	Olav-Johan Øye
Styremedlem	Fredrik Elfstrand
1. varamedlem	Anne Cathrine Johansen
2. varamedlem	Steinar Hernes



Leiar og nestleiar på heidersmedlemsmarkeringa.

Foto: Astrid M. Grov.

I 2022 har lagsstyret hatt 10 møte. Tre av desse var videomøte, medan styret fekk moglegheit til å møte på Lagskontoret på dei andre. Leiaren eller nestleiaren har leia møta. Lagsstyret har handsama 102 saker. Varamedlemmane blei kalla inn til alle møta. Saker til styremøta blir førebudde i samarbeid mellom lagsleiar/AU og administrasjonen.

Særlagsstyra 22/23

Songlaget:

Leiar: Karianne Johansen
Ole Johan Hildre
Marit Buset
Synnøve Berstad
Janne Bjørlo
Gunnhild Skrøvseth (vara)
Angeliki Zisi (vara)
Vidar Lund (vara)

Leikarringen:

Leiar: Torbjørn Bergwitz Lauen
Hallvard Øftsaas
Simon Hesselberg Løvald
Herborg Oma
Tone Ingvaldsen (vara)
Saimi Kortelainen (vara)

Rådet 22/23

Ordførar: Kari Bjørke
Magnhild Kaasin
Sveinung Helgheim
Samuel Blessing Alonga
Olav Kårevik
Vigdis Rønning
Kjell Arve Straumsvåg
Karianne Johansen
Kari Aniksdal (vara)
Vivian Brattsti Sørensen (vara)

Idrottslaget:

Leiar: Håvard Hasås
Pål Johannes Larsen
Jill Olsen
Anne Johansen
Nadia Akpana Assa
Samuel Blessing Elonga (vara)
Edem Agbo (vara)

Teaterlaget:

Leiar: Endre Isachsen Flatmo
Heidrun Sølna Øverby
Mari Elise Haugen
Lena Reksnes Sanne
Håvard Thorsby (vara)
Heidi G. Einarsrud (vara)

Bunadnemnda:

Sigrid Kjøbli
Åse Holen
Anne Cathrine Johansen

Målnevndna:

Håvard Tangen
Marie Nicolaisen
Olav-Johan Øye

Særlama har hatt regelmessige styremøte gjennom heile året, ofte på møterommet på Lagskontoret.

Den 19. oktober hadde vi leiarmøte der alle leiarane frå særlama og hyttestyra var inviterte. Her snakka vi om framtidia til Nynorskens hus, budsjett 2023, strategiplan for BUL og andre saker leiarane ville ta opp.

Rådet har hatt fem møte i 2022. Hovudoppgåva deira er å tilrå i økonomiske saker. Rådet, saman med styret, er generalforsamling i Bøndenes Hus AS.

Valde ombod for Bondeungdomslaget i Oslo

Landsmøtet i Noregs Ungdomslag

Astri Andrea Bjerkem, Hallvard Øfstaas, Ånund Meberg Myhren, Oddbjørn Oma, Nina Losnedahl.

Årsmøtet i Bygdelagssamskipnaden

Terje Svindseth, Olav Kårevik, Gunnvald Grønvik, Hallvard Øfstaas, Arne Nordvi.

Årsmøtet i Vikværingen

Terje Svindseth og Vidar Lund.

Landsmøtet i Noregs Mållag

Magne Eliassen.

Årsmøtet i Det Norske Teatret

Mari Elise Haugen (røysta på vegne av BUL), Heidrun Sølna Øverby, Håvard Thorsby, Anne Cathrine Johansen og Vigdis Rønning.

Årsmøtet i Dag og Tid

Terje Svindseth og Vigdis Rønning

Styret i Norsk Barneblad (for 2 år)

Aleksander Breiby Herseth (styremedlem), Mari Elise Haugen (2. vara).

Rådet i Norsk Barneblad (for 2 år)

Anne Cathrine Johansen (rådsleiar), Vigdis Rønning (nestleiar), Gunnvald Grønvik, Arne Nordvi.

Styret i Den mangfoldige scenen AS

Deise Nunes og Tone Ingvaldsen.

Generalforsamling Den mangfoldige scenen AS

Terje Svindseth og Anne Cathrine Johansen.



Landsmøtet i Noregs Ungdomslag. Foto: Noregs Ungdomslag.

BUL-medlemmar valde til verv i nærskylde organisasjonar

Anne Farseth, president i **Norges Friidrettsforbund**

Håvard Hasås, styreleiar i **Bislett Alliansen**

Jon Låte, leiar i **Fylkesmållaget Vikværingen**

Hilde Osnes, nestleiar i **Oslo friidrettskrets**

Terje Svindseth, organisatorisk nestleiar i **Noregs Ungdomslag**



**Tusen takk
for at du er
frivillig!**





SONGLAGET
BUL I OSLO • 1914



TEATERLAGET
I BONDEUNGDOMSLAGET • OSLO



NYNORSKENS
HUS

BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO 2022